DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

**Referat for Fellesrådsmøte 25. april 2017**

**Stad: Kyrkjekontoret**

**Tid: 18:30**

Til stades: Per Børge Hillestad, Lars Svendsen, Ragnhild Husa, Anders Bergsland, Jostein Husa, Solrunn Gullaksen og Mia Etokebe.

Meldt fråfall: Kristin Handeland, Erling Walderhaug, Tone Sævi og Olav Husa.

**Saksliste:**

| | |
|---|---|
| F01/17 | Godkjenning av innkalling og referat - ok |
| Vedlegg | Referat frå 5. desember 2016 |

| | |
|---|---|
| F02/17 | Skriv og meldingar |
| | Kyrkjeverje informerte om saker som var teke opp på kyrkjeverjesamling 24. april. Dette gjeld spesielt tankar om framtidas kyrkje nå etter kyrkja har gått ut av staten. Vil tenesteytingsavtaler overleve framtida? Det er tid for å gjennomgå tenesteavtala med kommunen. |

| | |
|---|---|
| F03/17 | Omfordeling av tilskot frå bispedøme. |
| Infosak | Wilco Vogelaar vert tilsett 100% i Radøy kyrkjelege fellesråd frå august 2017 |
| | 21. april var kyrkjeverjene frå Fedje, Austrheim og Radøy på bispedøme i møte. Status pr. 2017 er at eininga får i dag 19,28% av tildelinga i Nordhordland prosti. I 2017utgjer dette 561.819,- Skulle ein delt opp vil det verte følgjande deling:<br>Fedje 7,57% = kr. 42.530<br>Austrheim 33,58%= kr. 188.659<br>Radøy 58, 85% = kr. 330.630<br>Radøy vil ut av eininga, men kyrkjeverjene i Fedje og Austrheim er positive til eit vidare samarbeid som ei eining. Vidare prosess: Det må gjerast vedtak i kvart sokneråd om at ein ønskjer omfordelinga. Bispedømet ser inga grunn til ny runde i prostiet. Fedje sokneråd ønskjer eit felles møte med Austrheim for å gjere vedtak i denne saka. |

| | |
|---|---|
| F04/17 | Gjennomgang av årsmelding med rettinger og kommentartar |
| | Godkjent av rådet. |

| | |
|---|---|
| F05/17 | Auke av festeavgift |
| | Forslaget vart revidert på møtet og nytt forslag som ligg ved tek vi som vedtakssak på neste møte. |
| Forslag: | Festeavgifter for graver i Fedje kommune.<br>Fredningstida for graver i Fedje kommune er 20 år. Etter denne tida kan grava festrast i 8 bolkar, kvar på 5 år, slik at samla freding og festetid vert 60 år. Ved skriftleg søknad kan grava festast frå 60 år fram til grava er 99 år. |

| | |
|---|---|
| | Festeavgift:<br>1. periode: Bolkar på 5 år (frå 20-40 år) kr. 300,-pr.år<br>2. periode: Bolkar på 5 år (frå 40-60) kr. 400,- pr.år<br>3. periode: Bolkar på 5 år (frå 60-99) kr. 600,- pr.år<br><br>Barne og urnegraver får halv festeavgift.<br><br>Feste av dobbeltgrav:<br>Ved opning av ny dobbeltgrav kr. 2000,-<br><br>Avgifter for Utanbygds tenester ved gravplass og gravferd i Fedje:<br>Utanbygds seremoni med kistegrav kr. 9.000,-<br>Utanbygds seremoni med urnegrav kr. 6.000,-<br>Utanbygds urnenedsetjing utan seremoni kr. 2.500,-<br>Utanbygds kistenedsetjing utan seremoni kr. 4.000,-<br><br>Dette forslaget er laga på grunnlag av Masfjorden og Austrheim sine gjeldane satsar. Vi veit at prisauke er stort på noko, men med dette forslaget er vi mykje meir på same nivå som resten av Nordhordland. |

| F06/17 | Retningslinjer for budsjett 2018 og langtidsbudsjett |
|---|---|
| | Vi har gått gjennom postane som hadde stor differanse og funnet ut at noko skyldast feilføring. Kyrkjeverje og rekneskap skal jobbe tettare saman i framtida for å få utgifter/inntekter på rette poster.<br>Langtidsbudsjett:<br>Universell inngang 2018<br>Nye toalett 2020<br>Male kyrkja utvendig 2022<br><br>50 000,- i strømutgifter på Kyrkja. Kan dette reduserast ved å installere varmepumper? Soknerådet vil sjå meir på dette og ta det med i langtidsbudsjettet.<br><br>Soknerådet jobbar vidare med budsjettet. |

| F07/17 | Eventuelt |
|---|---|
| | Teppet i kyrkja skal reinsast før konfirmasjonen 27. mai. Kyrkjeverje sørgjer for at jobben vert gjort. |

Leiar: Jostein Husa

Kyrkjeverje: Mia Etokebe